

## Tildelingskriterier – heildøgnsopphald i bukollektiv/institusjon

- Søkjar har Giske kommune som folkeregistrert bustadadresse.
- Grundig vurdering og kartlegging er gjort av brukar sin evne til eigenomsorg og daglege gjeremål (ADL – IPLOS-registrering -søknadsskjema for helse -og omsorgstenester)
- Alle andre tiltak har vore vurdert/utprøvd som;
  - Kartlegging av privat bustad
  - Tilrettelegging av bustad
  - Kvardagsrehabilitering
  - Hjelpemiddel
  - Velferdsteknologi
  - Heimebasert omsorg
  - Dagtilbod
  - Frittliggjande omsorgsbustad
  - Kartlegging av nettverk/ressursar rundt brukar
- Søkjar må sjølv ønske og samtykke til å flytte frå heimen til eit heildøgnsopphald i bukollektiv/institusjon.
- Søknad må vere underskriven av brukar sjølv, vedlagt fullmakt dersom pårørande/verge signerer.
- Sjukdom (somatisk/psykisk) som er så omfattande at det medfører behov for døgntkontinuerleg tilsyn og pleie. Dette gjeld ved medisinsk behandling, rehabilitering, pleie og tilsyn. Behov for palliativ omsorg.

### **Kriterier for korttidsopphald i bukollektiv/institusjon**

- Søkjar har Giske kommune som folkeregistrert bustadadresse.
- Grundig vurdering og kartlegging er gjort av brukar sin evne til eigenomsorg og daglege gjeremål (ADL – IPLOS-registrering - søknadsskjema for helse-og omsorgstenester)
- Alle andre tiltak har vore vurdert/utprøvd som;
  - Kartlegging av privat bustad
  - Tilrettelegging av bustad
  - Kvardagsrehabilitering
  - Hjelpemiddel
  - Velferdsteknologi
  - Heimebasert omsorg
  - Dagtilbod
  - Frittliggjande omsorgsbustad
  - Kartlegging av nettverk/ressursar rundt brukar
- Søkjar må sjølv ønske og samtykke til å flytte frå heimen til eit heildøgnsopphald i bukollektiv/institusjon.
- Søknad må vere underskriven av brukar sjølv, vedlagt fullmakt dersom pårørande/verge signerer.

- Sjukdom (somatisk/psykisk) som er så omfattande at det medfører behov for døgnkontinuerleg tilsyn og pleie. Dette gjeld ved medisinsk behandling, rehabilitering, pleie og tilsyn.
- Behov for palliativ omsorg.
- Når det er behov for eit raskt heildøgnsopphald etter brått funksjonsfall.
- Når det er behov for tverrfagleg, målretta og tidsavgrensa innsats på døgnbasis.
- Når det er behov for å oppretthalde funksjonsnivå for å kunne fortsette å bu i eigen bustad.
- Når det er uklare helsemessige problemstillingar med behov for døgnbasert kartlegging av funksjonsnivå, meistringsevne, døgnrytme og kognitiv svikt.
- Må vere open for tilrettelegging av eigen bustad, dette kan t.d. innebere å nytte ei etasje med tilrettelegging av hjelpemidlar som t.d. seng i stove, pasientlyftar, terskeleliminatorar, toalettstol, toalettforhøyer etc, tillegg til ulike velferdsteknologiske hjelpemidlar. Ein må opplyse kven som er næraste pårørande i samband med tilrettelegging av heimen.

#### **Ved tilbod om korttidsopphald**

- Ta med eigne hjelpemidlar, utstyr, medisin og forbruksmateriell.
- Avtale tid for ankomst med avdeling.
- Tenestemottakar må sjølv ordne med transport til og frå avdelinga
- Ta med klede, pengar og toalettsaker
- Opphald vil vere tidsavgrensa og gjelde om lag 7-14 døgn.

#### **Merknad:**

- Dersom brukar under opphaldet blir innlagt i sjukehus ev. anna bukoll/institusjon utover 48 timar, kan plassen opphøyre og tildelast andre.

#### **Høve som ikkje gjev rett til tenestene ovanfor:**

- Søkjarar som kan få nødvendig helsehjelp på eit lågare omsorgsnivå.
- Der behovet for opphald er grunngeve med einsamheit og manglande sosial stimulering.
- Kartlegging og vurdering av brukarar med kognitiv svikt skal utførast primært på eit lågare nivå i kjende omgjevnadar.
- Der pårørande skal på ferie og søker om opphald grunna ønskje om trygghet. Andre tiltak kan vurderast.

## **Tildelingskriterier – heildøgnsopphald i bukollektiv/institusjon (korttid/langtid) spesielt tilrettelagt for mennesker med demens**

- Søkjar har Giske kommune som folkeregistrert bustadadresse.
- Grundig vurdering og kartlegging er gjort av brukar sin evne til eigenomsorg og daglege gjeremål (ADL – IPLOS-registrering - søknadsskjema for helse -og omsorgstenester).
- Alle andre tiltak har vore vurdert/utprøvd som;
  - Kartlegging av privat bustad
  - Tilrettelegging av bustad
  - Kvardagsrehabilitering
  - Hjelpemiddel
  - Velferdsteknologi
  - Heimebasert omsorg
  - Dagtilbod
  - Kartlegging av nettverk/ressursar rundt brukar
- Søkjar må sjølv ønske og samtykke til å flytte frå heimen til eit heildøgnsopphald i bukollektiv/institusjon.
- Søknad må vere underskriven av brukar sjølv, vedlagt fullmakt dersom pårørande/verge signerer.
- Kognitiv svikt som er så omfattande at det medfører behov for døgntilsetning tilsyn og pleie.
- Når pleiebehovet er større enn skjerming er det ikkje lenger grunnlag for å oppretthalde vedtak, og ein vil i slike høve bli overført til somatisk avdeling.
- **Avdeling Nordstova/Fjellro:**
  - Demensdiagnose ev. demensliknande tilstand
  - Relativt fysisk sprekk
  - Kan delta i aktivitetar
  - Evne til ein viss samhandling
  - Helst flytte frå eigen bustad/heim, ikkje direkte frå institusjon
  - Vurdere samansetningar i bukollektivet
- **Forsterka/skjerma plassar ved avdeling Skogly:**
  - Demensdiagnose og demensliknande tilstand
  - Behov for skjerming som ikkje kan utførast i vanleg avdeling, eller ved hjelp av tiltak som kan setjast i verk i heimen (iht § 4A) i kombinasjon med t.d. velferdsteknologiske hjelpemiddel.
  - Åtferd som krev skjerming
  - Når pleiebehovet er større enn skjerming er det ikkje lenger grunnlag for å oppretthalde vedtak ved forsterka avdeling, og ein vil i slike høve bli overført til somatisk avdeling.

**Merknad:**

Det krevjast betaling i tråd med forskrift om eigenandel for helse- og omsorgstenester.

Når tenesta blir revurdert, og det blir fatta vedtak om avslutting av opphald i institusjon (avd. Skogly), skal det fattast vedtak med klagerett. Denne klageretten har ein ikkje ved opphald i bukollektiv (avd. Nordstova og Fjellro).

**Høve som ikkje gjev rett til tenestene ovanfor:**

- Søkjarar som kan få nødvendig helsehjelp på eit lågare omsorgsnivå.
- Der behovet for opphald er grunngjeve med einsamheit og manglande sosial stimulering.
- Kartlegging og vurdering av brukarar med kognitiv svikt skal utførast primært på eit lågare nivå i kjende omgjevnadar.
- Der pårørande skal på ferie og søker om opphald grunna ønskje om trygghet. Andre tiltak kan vurderast.